

Innhald

Forord	9
Innleiing	11
Hypotesar frå himmelen	12
Ut i skodda utan kompass	13
Vogna framfor hesten	14
Å plukke berre dei søte fruktene	15
Uforskbare problemstillingar	15
Handlingsregelen.	16
Gangen i boka.	17
Kapittel 1	
Om vitskapleg kunnskap og praksis	20
Særtrekka ved vitskapleg kunnskap og praksis	20
Om vitskaplege utsegner	24
Empiriske påstandar, normer og praksis.	25
Meir om etterprøving av vitskaplege påstandar	27
Vår sosiale konstruksjon av verda.	28
Vitskap og kunnskapsutvikling	32
Striden om sanninga	35
Frå forståing av kunnskap til samfunnsvitskapleg praksis.	37
Kapittel 2	
Samfunnsvitskap som rekonstruksjon av sosiale fenomen	38
Studiet av sosiale fakta og fenomen	38
Om forklaringar i samfunnsvitskapen	41
Samfunnsvitskap som rekonstruksjon av sosiale mønster og prosessar.	44
Rekonstruksjonens element.	47
Bakgrunnar	47
Omgrep	48

Teoriar og hypotesar	51
Modellar	53
Om datakonstruksjon	58
Frå rekonstruksjonens byggesteinar til rekonstruksjonens logikk	59
Kapittel 3	
Rekonstruksjonens logikk og metodereglar	61
Hypotetisk-deduktiv forskingslogikk – å forklare ved hjelp av lover	62
Abduktiv forskingslogikk – om å avdekke sosiale mekanismar	65
Hermeneutisk forskingslogikk – fortolkande forståing av sosiale fenomen	68
Kritisk teori	72
Diskursanalytisk forskingslogikk – om hegemoniske og alternative forståingsrammer	73
Ei samanlikning av forskingslogikkane	77
Kapittel 4	
Design av forskingsprosjekt	80
Forskningsformål, datakonstruksjon og design	80
Forskningsdesign og formål	83
Teori- og hypoteseprøvande formål	86
Omgreps- og teoriutviklande formål og spørsmål	87
Teoretisk tolkande formål	88
Intervensjonsorienterte formål	88
Berre beskriving?	90
Formål og utforming av analyseramme	91
Forskningsdesign og datakonstruksjon	92
Variabelsentrerte strategiar	94
Caseorienterte strategiar	95
Kombinasjonsstrategiar	96
Krav til ein god forskingsdesign	99
Frå design som omgrep til variantar av design	101

Kapittel 5

Variabelsentrerte design	103
Kva er ein variabelsentrert design?	103
Konstruksjonsvaliditet og kunnskapsutvikling	106
Teoriprøving i variabelsentrerte design	108
Teoriutvikling i variabelsentrerte design	112
Variantar av variabelsentrerte design	114
Eksperimentelle design	116
Tverrsnittsdesign og langsgåande design	118

Kapittel 6

Casedesign	121
Kva er ein casestudie?	121
Kva er casen i ein casestudie?	123
Casestudiar og kunnskapsutvikling	125
Case, kontekst, innveving	126
Teoriprøving i casedesign	128
Tolkande rekonstruksjon og teoriutvikling i casedesign . . .	130
Variantar av casedesign	132
Kritiske casar som design for teoriprøving	133
Samsvarsdesign – caseanalyse med strukturerte rammer . . .	135
Prosesssporing og teoriutvikling	138
To illustrerande casar	141
Teoretisk tolkande rekonstruksjon	143

Kapittel 7

Blanda design	147
Om blanda design – formål og variantar	147
Sekvensielle design	149
Triangulering	151

Kapittel 8

Komparative design	154
Kva er ein komparativ studie?	154
Typologiar og typologiske teoriar i komparative design . . .	158
Typologiar og teoriutvikling	161
Variabelsentrerte samanlikningar	165

Kapittel 9

Intervensjonsorienterte design	171
Kva er ein evalueringstudie?	171
Målevaluering	175
Effektevaluering.	176
Prosessevaluering og handlingsteorievaluering	178
Programevaluering som heilskap	179
Om aksjonsforskning.	180

Kapittel 10

Designprosessen	184
Designprosessen – eit oversyn	184
Val og grunngjeving av tema	187
Litteraturgjennomgang og kunnskapsstatus.	189
Formålsbeskrivinga	192
Analyseramme.	193
Forskingsspørsmåla	194
Datakonstruksjon og val av metode.	197
Utval av data og krav til representativitet.	198
Om ulike datatypar	200
Disposisjon for ei prosjektskisse.	201

Vidare lesnad.	204
---------------------------------	-----

Litteratur.	206
------------------------------	-----

Sak- og personregister	214
---	-----

Forord

Å byrje på eit nytt forskingsprosjekt er ofte ei krevjande oppgåve, anten ein er student eller forskar. Dette har eg hatt høve til å observere både som rettleiar for masteroppgåver og ph.d.-prosjekt gjennom mange år, som forskingsleiar ved ulike institusjonar og som lærar på kurs i forskingsstrategiar og metode. Etter mi oppfatning er kunnskap om korleis forskingsprosjekt kan utformast på ein god måte, undervurdert i høve til kunnskap om metodar og allmenn vitskapsteori.

Det er skrive mange og til dels tjukke bøker om forskingsmetodar. Den forskingsførebuande undervisninga i samfunnsfaga tek stort sett utgangspunkt i slike bøker, gjerne i kombinasjon med vitskapsteori. Som rettleiar har eg sakna ei bok som på ein oversiktleg måte formidlar mellom dei vitskapsteoretiske perspektiva og den konkrete metodebruken. Med andre ord saknar eg ei bok om korleis ein kan grunngi og gjennomføre dei grunnleggande vala i eit forskingsprosjekt, altså om design eller prosjektutforming. Boka er ikkje ei erstatning for metodeboka, den handlar om dei vala ein må gjere før ein bestemmer seg for metode.

Sjølv om det er skrive lite om forskingsdesign samanlikna med metodelitteraturen, så er det eit fagfelt i utvikling. I den internasjonale litteraturen går diskusjonen om kva slags konsekvensar utviklinga innan nyare vitskapsteori har for vår forståing av kva samfunnsvitskap er, og av korleis samfunnsforskarar bør arbeide. Diskusjonen om modellane sin plass og status i forskingsprosessen er eit døme på dette, sameleis diskusjonen om korleis vi kan studere og avdekke sosiale mekanismar. Nok eit døme er litteraturen om casestudiar, der dei nyaste bidraga legg stor vekt på design. Også somme statistikarar peikar på at design trumfar analyse, for å sitere ein av dei (Rubin, 2008), og stiller spørsmål om kor vidt samfunnsvitarar flest brukar kvantitative metodar på ein reflektert måte.

Det finst altså nok av fagleg relevante problemstillingar å ta fatt i for den som vil skrive om design. Målet har vore å skrive ei oppdatert

fagbok som kritisk drøfter ulike oppfatningar av design i samfunnsfagleg forskning. Samstundes har det vore eit mål å skrive slik at boka kan vere nyttig for dei som er nykommarar i bransjen, og kanskje skal i gang med sitt første prosjekt. Håpet er at masterstudentar og ph.d.-studentar skal ta boka i bruk i utforminga av sine prosjekt, men også at meir erfarne forskarar skal finne eit og anna som kan motivere til gjennomtenking av designvala sine og dermed betre forskning. Boka er fagfellevurdert, og eg takkar for ei grundig og positiv tilbakemelding i denne.

Motivasjonen og inspirasjonen til å skrive ei slik bok har komme frå mange år som undervisar og rettleiar i forskingsstrategiar og metode for masterstudentar i organisasjon og leiing. Dei som har gitt innspel, fortener alle ein stor takk for å ha høyrte på, gitt tilbakemeldingar på og prøvd ut i praksis ulike variantar av den tankegangen som no har materialisert seg i ei bok. Takk også til kollegaene i forskingsgruppa for samhandling, innovasjon og styring ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, som har lese og kommentert utkast til kapittel i fleire vendingar. Ein særskilt takk til førsteamanuensis Erik Fossåskaret og førsteamanuensis Gigliola Mathisen Nyhagen, som begge har gitt grundige og nyttige kommentarar til førsteutkastet av boka. Dei har forbetra boka mykje. Det som måtte stå att av uklare tankar og tvilsame formuleringar, må eg sjølv ta ansvaret for.

Sogndal, juli 2016

Oddbjørn Bukve